



Desirée Wang Delgado
Risassjøvegen 326
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3361 - 22/94193

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
12.12.2022

Ber om tilbakemelding om avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr 123/12 Risa

Tiltak: avvik avløpsanlegg
Byggjestad: Gbnr 123/12
Tiltakshavar: Desirée Wang Delgado

Alver kommune har den 21.04.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 19.04.2022 vart det registrert knekt skiljevegg i slamavskiljar.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til **30.06.2023**.

Vi vil også be deg om å vurdere tilkopling til offentleg avløpsanlegg, ta gjerne kontakt med sakshandsamar for avklaring kring dette.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan sjølv utføre arbeidet.

Når slamavskiljaren er utbetra, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva24 AS er vedlagt.

Skjema sender du til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56349006 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 123/12 Risa
bilde 1
Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Desirée Wang Delgado

Risasjøvegen 326

5955 Lindås